

EIN NY VITSKAP?

# Framtidsforskning

«It is impossible to predict the future, and all attempts to do so in any detail appear ludicrous within a very few years. This book has a more realistic, yet at the same time more ambitious aim. It does not try to describe the future but to define the boundaries within which possible futures must lie. If we regard the ages which stretch ahead of us as an unmapped and unexplored country, what I am attempting to do, is to survey its frontiers and to get some idea of its extent. The detailed geography of the interior must remain unknown until we reach it.»

— Slik skriv Arthur C. Clarke — vitskapsmannen og forfattaren som i 1945 spådde kommunikasjonssattelittane ei stor framtid og som i 1947 forutsa at den første måneraketten skulle skytast ut i 1959 — i forordet til boka si «Profiles of the future». Denne boka kom ut i 1962.

I løpet av det siste året har den sokalla framtidsforskninga skote fart, i alle høve har den blitt meir allment kjent. Sommar nr. av «Dædalus» er via fullstendig den første rapporten frå «The American Academy's Commission on the Year 2000». (Ein legg og merke til at Liber-

tas har sett ned ein komite for å reie ut stillinga for det norske samfunnet i år 2000.) I vår heldt Johan Galtung eit foredrag i Studentersamfunnet i Oslo; «Framtidsforskning» kalla han det. Dette er prenta i nr. 3/67 av «Kontrast», og endeleg har Science Journal for oktober 67 eit innhaldsrikt nr. der dei og vil vere med å spå om framtida.

Vi har lenge vore kjent med skremmande eller/og fantasilause ekstrapoleringerar som t. d.: dersom den noverande folkeauken held fram, vil vi i år 2100 ha ca.  $\frac{1}{2}$  kvadratmeter pr. menneske. Dette er interessant berre i fall ein kan anta at alle andre variable forblir konstant fram til år 2100, det einaste som endrar seg vil vere folketallet. Det er så meir enn opplagt at så ikkje er tilfelle, alt endrar seg og relativt sett snøggare for kvart år.

Med den tregleiken som er lagt ned i menneskesinnet (det naturleg konserverande elementet — arketypane) blir det meir og meir påtrengande viktig å leve på forskot — ikkje økonomisk (!) — men mentalt. Vi må i dag førebu oss på dei endringane i samfunnet som morgondagen vil bringe med

Forts. side 3

# FRAMTIDSFORSKNING...

Forts. fra side 1

seg. Kva morgondagen vil føre med seg blir då eit påtrengande spørsmål — og kanskje enno viktigare: Kan vi i dag faktisk foreta eit valg mellom reelle alternativ om kva vi skal erfare på kroppen om ti år?

Det synes opplagt at vi i dag formar denne framtida, likevel er vi ikkje i det heile klar over korleis samfunnet vil verke i år 2000.

Vi er med andre ord i svært liten grad klar over konsekvensane av det vi foretar oss. Den smule innsikt vi måtte ha er avgrensa og einsidig. Det vi ynskjer å oppnå druknar kanskje heilt i biverknadene, og dei faktorane vi ikkje har herredøme over eller ikkje kjerner eksistensen av, kan kome til å krysse planen vår.

Dei metodane vi rår over i dag (planøkonomi etc.) har ikkje ein gong ført oss nærmare ei løysing. Dei metodane ein no nyttar i framtidsforskninga synest meir lovande.

Om metoden seier Clarke: «It does not try to describe the future, but to define the boundaries within which possible futures must lie.»

Ein freistar i store trekk å skissere moelege resultat, og etterpå tillegg ein dei ymse vegane framover visse (og som regel ulike) sannsynligheter og/eller ein nyttar eit på førehand fastsett preferansesystem for å avgjere kva for «framtid» vi likar best, for så å undersøke kva som er nødvendige (og vi vil sjølvsgårt helst vite kva som er tilstrekkelege) vilkår for at vi skal få det ynskte resultatet, eller ein prøver i det minste å finne kva ein ikkje bør gjøre.

Til no har ein som ofta gått motsette vegen. Ut frå eit a priori preferansesystem definerer ein den best moelege framtida utan å tenke over om det er sannsynleg eller i det heile moeleg å nå målet ein

set seg med den avgrensa oversikten ein har over konsekvensane av ei bestemt handling, og dei motstridande interessenane ein må rekne med mellom ulike preferansesystem.

Preferansesystema eg refererer til er sjølvsgått politiske ideologiar. Dei politiske konsekvensane av framtidsforskningsa vil vere djuptgripande, endå om ein berre delvis skulle lukkast i å finne fram til interesante resultat. Den vil kanskje stille i relief skilnaden mellom radikal og konservativ tenkemåte (slik eg oppfattar den). Den konservative som først undersøker det praktisk mogelege for å la det konfronterast med ideale, og den radikale som startar med idealet utan å ofre stor tanke på kva som er praktisk mogeleg.

Eg kunne ha lyst til å avslutte med eit klipp frå «Daedalus» frå eit innlegg Herman Kahn har der. Kahn vil vere kjent som learen av Hudson Institutet, og kanskje særleg for boka «Thinking the unthinkable» (nøyaktig kva vil skje om det skulle bryte ut atomkrig? Sjå også «Der Spiegel», nr. 15/67).

Om stormaktspolitikk i dei neste tretti åra seier Kahn (fritt omsett):

«Det er forbløffande kor lite ein tenkjer på muligheten for ein spent Aust-Vest konfrontasjon, å la slutten av førti- eller først i femtiåra. Dette gjeld til og med for Hudson Institutet. Endå om ein slik konfrontasjon ikkje er sannsynleg, er den ikkje så usannsynleg som folk trur.

Men anten ein no trur på spent kald krig eller ikkje, så eksisterer Sovjetunionen. Den har store militærstyrkar, eit betrakteleg GNP og 270 mill. menneske, nokre av dei er fanatiske. Sovjetunionen er opplagt viktig i internasjonale saker. Kva problem vil det utgjere for oss?

Edmund Stillman har skissert tre scenebilete (scenarios), eller moelege framtidar. Den første blir kalla det «stagnante USSR». Den viktigaste observasjon er at dei gjer det ganske bra. GNP pr. capita aukar med 2–4%, men på andre måtar synest det vere «stov og aske».

«Dette er på mange måtar eit spørsmål om style. Stillman uttrykker det ganske godt: «Dei vil kunne gi deg ei smørskive i ein tomme tjukk, men det vil vere fingeravtrykk på den.»

«Det andre scenebiletet presenterer eit tilbakdragande og konsoliderande Sovjet, eit «Bismarkisert Sovjet (a Bismarkian one). Det forstår si eiga begrensning og konsoliderer stillinga. Det dreg seg ut av Aust-Europa, inkludert Aust-Tyskland, og kjem til ein slags overenskomst med landa i Europa, eller endå til med USA. Det tredje scenebiletet er «Ungt-Yrkane», ved Hudson Institutet kallar vi det for «Kennedy USSR». Ei ung gruppe kjem inn og ynskjer å få landet på veg oppover igjen, men spørsmålet er: I kva retning? Dette står for meg som ein fornuftig måte å tenkje på Sovjetunionen i løpet av dei neste tjue åra.»

Vest-Tyskland hadde etter den andre verdenskrigen fire problem: å overleve, uavhengighet, styrke og å bli akseptert. Ein kunne mest garantere at så snart desse problema var løyste, ville dei ta neste trinn på stigen — til saker som sameining med Aust-Tyskland. Vest-Tyskland er øyensynleg på veg dit no. I dag er det den andre største handelsnasjonen i verda, den tredje største i GNP, tredje eller fjerde største i industriprodukt (avhengig av reknemåten), og omlag nr. tjue i politisk innflytelse. Men dette skillet vil minke, og ei av dei store oppgåvane for USA i dei neste ti åra vil vere å få absorbert Vest-Tyskland som ein respekabelt medlem av det internasjonale systemet.

I dei neste ti til tjue åra er det sannsynleg at dei mest problematiske sakene vil vere rollene til Frankrike og Vest-Tyskland og ikkje t.d. tilbakegangen for England. Sidan den amerikanske borgarkrigen har britisk produktivitet vaksen svært sakte i samanlikning med resten av verda. Britisk produktivitet aukar heller ikkje i dag fort, og leiarane i den britiske finansverda har visse karaktertrekk, tendensar, vanar, tradisjonar eller styles som gjer det høgst usannsynleg at vekstraten vil kome over 2–3%.

Eg trur ikkje at folk som talar om China som den store sentrale makta i Asia har undersøkt situasjonen. Japan vil spele ei større rolle enn China dei neste ti–tjue åra, særleg dersom japanarane er pågående og kanskje endått om dei er passive. På nesten kva måte ein kan nemne, er Japan ei større makt enn China.

Dei mest interessante nye maktene i Latin-Amerika, Brasil og kanskje Mexico, vil vere mellom stormaktene ved år 2000». — sa Kahn.

Erling Berge.

## ANDRÉ herrefrisørsalong

Vis à vis Handelshøyskolen  
(like ved bussholdeplassen).

RABATT for studenter. Fagmessig, pent arbeid.